

Bokn Bygdablade

Nr. 9 november 2010 – Årg. 25



25
år

www.bygdabladet.no



KJEKT PÅ BOKN



Bokn Bygdablad

www.bygdabladet.no - post@bygdabladet.no

Blir laga og gitt ut av Bokn kommune. Bladet kjem ut 10 gonger i året. Frist for innlevering av stoff er etter avtale med redaktøren.

Eit abonnement (papir eller PDF) kostar kr. 350,- pr. år, 500,- for både papir og PDF. Abonnementa er gratis for bortebuande skuleelevar og studentar.

Redaktør: Jardar Havikbotn, tlf. 52 75 25 08 - 98 22 15 08
E-post: jardar.havikbotn@bokn.kommune.no/post@bygdabladet.no

Medarbeidar: Annette Bokneberg

Bygdabladnemnd

Johannes Nilssen
Ellen Nedrebø
Lars Norekvål

Gjeldande annonseprisar (netto)

Heilside	kr. 500,-
Halvside	kr. 300,-
Kvartside	kr. 150,-
1/8 side	kr. 100,-
Privatann.	kr. 50,-
Fast-/fargeann.	etter avtale

Foto, omslag:

Stephan Haram



STORT FRAMSIDEBILDE:

Teikningar, laga på Julemarknaden 2010, sjå elles s. 6

Foto: Jardar Havikbotn



ORDFØRAREN RDET

Kjære sambygding

Perspektivstudie

I samband med midla Bokn kommune fekk av Rogaland fylkeskommune til moglegheitsstudie for utviklinga i Bokn kommune etter realisering av Rogfast, blei konsultentselskapet Norconsult AS engasjert til å gjennomføre studien og føre han i pennen. Selskapet har brukt hausten til å identifisera moglegheiter og avgrensingar i Bokn kommune som fylgje av endra tilgang til omverda etter realisering av ferjefri kyststamveg mellom Nord-Jæren og Haugalandet. Resultatet ligg nå føre, og stadfestar stort sett det framtidsbiletet som blei teikna av Bokn på felles formannskapsmøte som blei gjennomført på Bokn 3. februar 2010.

Studien viser at Bokn etter Rogfast truleg aukar potensialet sitt som attraktiv bustadkommune. Den viser såleis til erfaringar frå andre kommunar der folketalsauke har virka attraktivt på næringsetableringar. Ut-siktene til vekst i Bokn avhenger av etterspurnaden etter tilgjengelege areal både til bustader og industri og korleis nærliggande stader utviklar seg. Mellom anna kan Slåttevik bli ein konkurrent til Bokn. Fordelane til Bokn er likevel at ein har eit komplett kommunesenter i Føresvik med alle viktige funksjonar på same staden.

Bokn er den næraste kommunen til Nord-Jæren nord for Boknafjorden. Med eit arealtilbod større enn etterspurnaden, vil dette kunne trekka til seg både menneske og næringsliv frå Nord-Jæren. utfordringa ligg i å etab-

lera tenestetilbod og funksjonar som stør opp om Føresvik som kommunesenter og som ein stad for lokal tenesteyting, samstundes som ein legg til rette for å dra nytte av den aukande gjennomgangstrafikken på E39.

Moglegheitsstudien konkluderar med at det er god grunn til å rekna med at

Rogfast vil vera positivt for Bokn. Den held likevel fram at det er uvisst koss og i kva grad Rogfast vil verka inn på Bokn kommune, og kva verknader det vil bli for arealbruk og senterstruktur i kommunen. Rogfast gjer det lettare å reisa til Bokn, men også let-tare å kjøre forbi. Uansett vil Bokn kommune møta dei same utfordringane som dei fleste mindre kommunane; Koss kan ein gje innbyggerane eit godt tenestetilbod, gode oppvekstvilkår og ei sunn demografisk utvikling, på same tid som ein sikrar at kommunen har ein arealbruk og senterstruktur som gagnar innbyggerane?

I moglegheitsstudien til Norconsult lanserar ein omgrepet "Haugalandporten", eit omgrep som knyt seg til områda ved Knarholmen. Her ser ein for seg etablering av maritime verksemder ved sjøen og knoppsyting i områda tett opp til E39 med etablering av bensin- og service-



stasjon, kro, overnatting og butikk. Føremålet med "Haugalandporten" er at han skal vera lett tilgjengeleg for dei reisande og ha attraktive og naudsynte tenesteytingsfunksjonar som reisande vil etterspørja. Dette vil også vera viktige tilbod for nye verksemder i området og for boknarane generelt.

Med denne studien har me fått stadfesta gjennom ord og tal mykje av dei spennande framtidsprognosane Bokn blei førespegla tidlegare i vinter. Moglegheitsstudien vil vera eit nyttig og viktig politisk styringsverktøy dei komande åra, og vil også vera eit viktig supplement til regional plan for Haugalandet. Studien avdekkar mange spennande moglegheiter for Bokn kommune, og eg trur ein vekst i folketallet er ein god start og eit godt utgangspunkt for næringsutvikling, vekst og aktivitet i kommunen vår i tida framover.

Ordføreren

Spillkveld på biblioteket

Elisabet Taraldlien

Fredag 19. november arrangerte Bokn bibliotek i samarbeid med Petra fritidsklubb, Nordisk spilldag på biblioteket.

Den egentlege nasjonale speldagen på biblioteka var 13. november. Biblioteket og Petra valde å markera dagen fredag 19. november

Spel i alle former

Bokn bibliotek og Petra fritidsklubb hadde Kinasjakk, eit brettspel som var nytt for oss, Bezzerwizzer, kortspel, Twister, Nintendo Wii spel, der me og hadde ei turnering i Guitar Hero.

Ungdommane hadde og med eigne pc'ar. I tillegg hadde me laga quizz, gåter og JA/NEI spørsmål, og premiane sat laust!

Heilt på slutten av kvelden, trekte me hovudgevinstane blant alle som hadde møtt opp denne kvelden, og det var heile 21 ungdommar!

Ein stor takk til Tysvær folkebibliotek for lån av utstyr til Nintendo Wii. Det gjorde at mangfaldet i tilbudet vart stort.

Premiedryss og T-skjorter

Hovudgevinstane var ein stor skipssekk, ei Hvem-hva-hvor 2011 og eit Bezzerwizzer-spel!



Alle framømte ungdommar blei utstyrt med t-skjorte, der teksten var "Jeg <3 spilldag", og me vaksne hadde "Jeg er spillboss". Alle fekk tilbud om tatoveringar med teksten "Jeg <3 spilldag", og klister med dei same orda.

Det var sal av pølser i brød og brus, og det fekk og "bein å gå på" blant aktive, speleglade ungdommar.

Ein vellykka kveld i spelegleda si ånd, og det er ikkje umogleg det blir fleire slike kveldar!

Bildetekstar:

Øvst: Interaktiv boksekamp
Midten: Full konsentrasjon på data
Nedst: Guitar Hero-turnering



Spilldagen skal setje fokus på og bidra til å styrke biblioteka si rolle som vidareformidlar av dei nye media som dataspel, og kvalitetssikra speletilbodet og vidareformidla informasjonen til publikum. Då Spilldag09 vart arrangert for fyste gong i fjor, var det 51 deltakande bibliotek over heile landet.

Så langt eg har kunne telje, i år var det 78 deltakande bibliotek frå Noreg, og over 120 i alt frå Norden! Det må ein kunne seie er bra!

Spilldagen skal vere ein felles nordisk temadag, der alle del-takande bibliotek i heile Norden set fokus på spel i alle former, frå brettspel og kortspel, til datakonsollar og onlinespel.

Nøkkelklart til våren

Jardar Havikbotn

På Øyrenfeltet på Austre Bokn kjem det opp ein tomannsbustad. Boknaselskapet Nibe står for bygging og sal.

18. november var snikkarar, folk frå grunnarbeidet og eigarar samla til kranselag. På ein fin haustdag smakte det ekstra godt med smørbrød, kake og flott utsikt ut over Boknasundet. Tomannsbustaden inneheld to like, speilvendte leiligheter, kvar på 84 m² - alt på eitt plan. Dersom ein ynskjer tre soverom i staden for to, er huset laga slik at ein enkelt kan setta opp ein vegg for å realisera dette. Då blir i tilfelle stova mindre.

Huset har valmtak, og det blir loftsluke med stige til koffertloftet. Der oppe kan ein gå oppreist i midten, og også om ynskjeleg setta opp både skap og hyller. Bustaden, som blir sett opp av Kolbeinsen Bygg AS gjennom Berge Sag, passar kanskje best for fyrstegongsetablerarar eller eldre personar. Partane i tomannsbustaden ligg ute for sal på finn.no og kostar kr. 1.840.000,-

Bustaden har gunstig Husbank-finansiering. Dersom ein t.d. ikkje har eigenkapital, kan ein låna 80% i Husbanken og 20% i kommunen. Då blir netto buutgift på 3.200,- pr. mnd. Ynskjer ein å binda renta frå Husbanken, t.d. i fem år, blir netto buutgift på 3.400,- pr. mnd. Og viss ein har 20% i eigenkapital, blir netto buutgift på 2.500,- pr. mnd.

Nibe

Det tre år gamle selskapet, som har namnet sitt etter bergknausen *Nibå* inni Våga, består av Bernhard Våge, Helge Solberg og Tormod Våga. Sistnemnde fortel til Bokn Bygdablad at dei starta med bygging og sal fordi det skjedde lite på byggefronten i Bokn, og dei hadde lyst å få fart i det.

Akkurat nå er det lite tomter i kommunen, ei stor utfordring.



Snikkarar, folk frå grunnarbeidet og eigarar samla til kranselag.



18.11.10: Huset ligg fint til nord i Øyrenfeltet.

- Det er ein vesentleg faktor for Bokn si framtid at det blir bygd rundt omkring, seier Tormod, som ikkje legg skjul på at han ynskjer fortgang i tilrettelegginga av tomter i Bokn. Sjølv har han lagt ut seks tomter aust for huset sitt, der to er selde. Han seier at *Nibe* kanskje går i gong med byggeprosjekt medan dei ventar på at fleire tomter i kommunen skal bli klare.

Selskapet har også eit større leilighetsprosjekt i tankane, utan at han kjem nærare inn på det i dette kranselaget.

- Eg håpar at me kan ha kranselag ein gong i året framover, sa Tormod til forsamlinga rundt bordet, og understreka med det at selskapet *Nibe* har store ambisjonar.

Fra barnemunn:

Inni hodet er det celler. Jeg tror de heter hjerneceller eller sædceller eller noe sånt.

Jeg har funnet et harepuskjelett som hadde ramla ut av kroppen på en kamin. Jeg tror det var et pappaskjelett, for det var ganske vissent og kjedelig.

Mennesker er dekket av lær, mens dyr

er dekket av garn.

Hvis man blir redd, kan man få frostskader i hodebunnen.

Den huden som hodet er dekket med kalles hudkommelse.

Dersom huden løsner, drysser de forskjellige delene ut, og da vet man ikke hvordan man skal feste dem igjen.

Negre har sort hud, men det er ikke pent å si høyt.

Noen mennesker har appelsinhud. Det er særlig arabere og utvandrere.

Den største forskjellen på mennesker og dyr er at hestene får valper. Og at menneskene kan være kannibaler. Det kan ikke dyr.

Kilde: Internett



Forvaltningsstyremøte 19. oktober

Sak 047/10

**Søknad om rammetillatelse - gnr. 11 bnr. 277.
BUSTAD – GNR 11 BNR 277 – INGOLF KRO**

Forvaltningsstyret vedtok:

Det blei samrøystes vedtatt at når godkjenning frå vegvesenet ligg føre, finn forvaltningsstyret at saka kan handsamast av rådmannen som delegasjonssak etter kommunen sitt delegasjonsreglement.

Sak 048/10

Gnr.17 Bnr 22 og 34 -naust -søknad om dispensasjon

Forvaltningsstyret vedtok:

samrøystes å ikkje kunne dispensere frå reguleringsplanen for bygging av naust slik det er søkt om, då dette etter forvaltningsstyrets si oppfatning, vil føre til at omsynet som ligg bak reguleringsføremålet vert sett vesentleg til side. Forvaltningsstyret kan heller ikkje sjå at føremona ved å gje dispensasjon er større enn ulempene etter ei samla vurdering. Det vert vist til §§ 12.4 og 19-2 i plan- og bygningslova.

Sak 047/10

Gnr. 11 Bnr. 218-Reidun Iren Vatnaland -einebustad

Forvaltningsstyret vedtok:

Det blei vedtatt samrøystes fylgjande:

1. Med heimel i § 19-2 i plan- og bygningslova, dispenserer forvaltningsstyret frå avstandskravet i § 29-4 i same lov og godkjenner plassering av bygget på tomta slik det er søkt om.
2. Forvaltningsstyret finn med heimel i § 29-4 i plan- og bygningslova og § 6.2 i reguleringsføresegnene, ikkje å kunne godkjenne høgda av bygget slik det er søkt om, då denne er i strid med § 29-4 i plan- og bygningslova og det som er godkjent for nabobygga. Mønehøgda må senkast ca. 1m slik at høgda blir som for nabobygga.
3. Det må sendast inn retta teikningar for godkjenning. Dersom det ikkje kjem klage på vedtaket, kan dei retta teikningane handsamast administrativt på delegert fullmakt.



Serie

Kjæledyret mitt

Alle med kjæledyr kan vera med i serien.
Ta kontakt på post@bygdabladet.no
Tlf. 98 22 15 08

Målfri

Endre Øvrebø

Hei, eg er kalven til Endre. Eg er fødd i september. Mor mi heiter Svartsi, og far min heiter Donald og er dansk.

Eg går i bingje med seks andre kalvar. Dei to systrene mine er blitt kyr og står på bås om vinteren. Dei er ute om sommaren.

Det er enno godt med litt melk, men det må eg snart slutte med. Då blir det kraftfor, silo og vatn.

Endre og eg går av og til på tur. Han har laga fjøs til meg, det hender me er der.

Men om nettene ligg eg ikkje der. Då er eg inne i bingen med dei andre kalvane.

I vinter må eg for det meste vere inne, men til våren skal eg ut på beite og hoppe og danse, og ete



Endre og kalven Målfri

Neste gong fortel Sven Jøsang om katten Ludde.

Populær julemarknad

Jardar Havikbotn

Det var mykje folk og god stemning då Coop Marked Bokn for fjerde år på rad inviterte bygda til julemarked laurdag 20. november.

Det er nettopp dette som er tanken bak jule- og sommarmarknadene; å skapa møteplass og aktivitet i bygda, seier butikksjef Tor Harald Alvestad til Bokn Bygdablad.

Årets førjulsmarkering hadde m.a. stands av Svein Skår (trearbeid), Marie Vågshaug (bilder), Bianca Alvestad (klede), Kjetil Hamre/Ina V. Tangen (billedikt og postkort), Daghild G. Alvestad/Catrine A. Undal (Diverse) og Liv Lie (Rosemaling). 9. klasse selde lodd og hadde kafé. Bokn musikkorps selde adventskalenderar. Det var sal av heimebakst og besøk av både nissen og smultringmannen. Sistnemnde kjem att laurdag 18. desember og vil ha varme smultringar for sal.

Barnekoeret hadde også sitt tradisjonelle opptrekk, med to av medlemmene frå The Kvednabekkjers med på den siste songen; "Boknaren".

75 godteposar

Folk har ikkje mykje tumleplass på desse julemarknadene.

- Det var stort sett berre ståplassar, ja, smiler Tor Harald, som kan fortella at det blei delt ut 75 godteposar til ungene.

Mange små var også med i teiknekonkurransen, der alle fekk is i premie, og ikkje minst teikninga si på veggen - ut dette året (stort framsidebilde).



Glimt frå julemarknaden. Foto: Kjetil Hamre

Jon Eiksund, fødd 16.04.40, døydde 15.10.10, 70 år gamal.


Han er fødd og oppvaksen i Ørsta på Sunnmøre. Foreldra var Øyfrid og Gudmund Eiksund. I barneflokket var han nr. to av fire sysken.

Jon gifta seg med Gunnvor. Han sa alltid "kjerringe mitt" til kona si.

Av yrke var Jon sveisar, men han var i lengre periodar ute på plattformar. Jon var m.a. med på å bygga hurtigruteskipet "Polarlys".

Han hadde mange hobbyar, men dei siste åra var det i "snikkarbua" hjå Ottar. Jon laga også sitt eigen snikkarverkstad i kjellaren.

Ein snill far og ein god ektemann var han, og gjekk alltid "stille i dørene". Jon gjekk ikkje av vegen for å hjelpa andre.



Han etterlet seg kone, tre barn og tre barnebarn.

Eg seie meg så

Birger Lindanger

Mengda av gamle ord og uttrykk frå Bokn, men som sjølv sagt også kan ha vore i bruk elles i distriktet også, er visst mest uttømeleg.

Også denne gongen var det nokre netter. Særleg "hiba" var vanskeleg. "Hiba" eller "hyba" blei brukt til dømes i samansetjingar som "Ka e det du står der og hiba itte" som betyr "Kva er det du står der og sutrar etter".

PREMIE:

Eit cruise for to med bokna-fjordsferja tur/retur



Slå lens?

Teikning: Elisabet Taraldlien

Svara på den første lista var fylgjande:

- | | |
|-------------------|-------------------------------|
| 1. Fornaring | Har ikkje peiling, veit ikkje |
| 2. Hiba | Sutra |
| 3. Ameras | Styr og ståk |
| 4. Annige | Utolmodig, ivrig |
| 5. Drevja | Flytande graps, sorpa |
| 6. Litt på letten | Ikkje heilt edru |
| 7. Sjå hyren til | Å ikkje sjå noko til |
| 8. Gleib | Skøyar, spøkefugl |
| 9. Å vera klare | Å vera trøytte |
| 10. Hesplatre | Vrang kone, garnvinne |

Som nemnt greidde ingen alt denne gongen. Likevel må innsatsen seiast å ha vore imponerande, her var vanskelege utfordringar. Denne gongen fekk me også ein ny sigerherre:

- | | |
|---------------------------|------------|
| 1. Oddbjørg Bokneberg Øye | åtte av ti |
| 2. Andor Borgenvik | sju av ti |
| 3. Bokn sjukestove | seks av ti |

Hugs likevel at det er den samla poengsummen etter eit år som er avgjerande for kven som blir den endelege vinnaren og kan ta mot billetter til cruiset.

MÅNADENS UTTRYKK

Kva betyr...

1. rongstevell
2. transla
3. nøben
4. å vera smiren
5. rotla
6. snedden
7. pikketer
8. slopsa
9. slå lens
10. rabalsknude

Forslag til forklaringar kan leverast Bokn Bygdablad **innan 15. desember**. Skriv då ned nr. med forklaringa bak.

Du kan senda inn på fleire måtar:

MAIL post@bygdabladet.no
 SMS 98 22 15 08
 BREV Bokn Bygdablad
 Boknatun
 5561 Bokn

Brenn du inne med flotte boknauttrykk?

Denne gongen takkar me Oddbjørg B. Øye for gode forslag.

I neste utgåve får du rette forklaringar og 10 nye uttrykk.

Kulturkalenderen

Endringar og nye arr. er **utheva**.

November

30. Formannskapsmøte

Desember

- 01. Artep kulturkafe kl. 16-20, Kyrkjebygd kulturhus
- 01. Strikkekafé kl. 18-21, Kyrkjebygd kulturhus
- 03. Petra fritidsklubb: Petrakveld, Kyrkjebygd kulturhus
- 07. Grautfest for speidaren
- 07. Forvaltningsstyremøte
- 08. Artep kulturkafe kl. 16-20, Kyrkjebygd kulturhus
- 10. Kino i Auditoriet
- 12. Gudsteneste kl. 11.00
- 12. Luciafest kl. 18.30 - arr. Bokn musikkorps
- 14. Kommunestyremøte
- 15. Artep kulturkafe kl. 16-20, Kyrkjebygd kulturhus**
- 18. Julemiddag for ungdom
- 19. Juletreffest på bedehuset kl. 15.00 - Arr.: Sundags-skulen og speidaren
- 20. Julekonsert i Bokn kyrkje - **sjå s. 11**
- 24. Gudsteneste kl. 14.00
- 26. Gudsteneste kl. 11.00
- 28. Juletreffest på bedehuset kl. 18.00 - Arr.: Frelses-armeen og bedehusstyret
- 29. Petra fritidsklubb: Romjulskos, Kyrkjebygd kulturhus
- 31. Gudsteneste kl. 16.00

Gymsal, kveld - oppdatert nov. 2010

DAG	AKTIVITET	KL.	ANSVARLEG
Mån	Fotball G12	17.00 - 18.00	Fredrik Faye
	Bokn skulekorps	18.00 - 20.00	L. Grønnestad
	Bokn Brass/RH	20.00 - 22.00	J. Havikbotn
Tys	Barnetrim	16.30 - 18.00	C. Øvrebø
	Friskis & Svettis	20.00 - 21.00	Anette Våga
Ons	Allidrett	16.15 - 17.00	S.O. Alvestad
	Fotball G8	17.00 - 18.15	J. Hesthammer
Tor	Fotball 2.-4.kl.	16.00 - 17.00	S. Mikkelsen
	Fotball 1. kl.	17.00 - 18.00	Erik Våga
	Friskis & Svettis	19.00 - 20.00	Anette Våga
	Volleyball, vaksne	20.00 - 22.00	Rita Bokneberg

Ekstraordinært årsmøte

Bokn Båtforening hadde ekstraordinært årsmøte 18. nov. Her blei det oppretta eit interimstyre som skal fungera fram til årsmøtet i februar 2011.

Leiar Ole Øvrebø
Medlem Hans Rune Øvrebø
Medlem Kaj Arne Christiansen
Vara Torvald Øvrebø
Kasserar Bjørn Eirik Gundersen

Bygdabladet for 20 år sidan

FRÅ NR. 9 1990

Eitt rike

I desse dagar skal koplinga i midtspennet på Boknasundet bru skje. Det vil seia at også Vestre Bokn er landfast. Det vil likevel gå ei tid før brua kan opnast for ferdsle. Det skal m.a. setjast opp rekkverk og lagast gang og sykkelveg ved sida av kjørebanane. I tillegg skal det fyllast opp veg fram til brua på vest-sida, og det skal asfalterast på begge sider av brua

Vegvesenet seier i siste kvartalsrapporten sin at ein meiner brua med sidevegar er kjørbar midt i januar.

Når det elles gjeld vegen fram til ferjeleiet på Are, er han ferdig planert og delvis grusa fram til Lauplandsvågen. Sør for Lauplandsvågen er vegen ferdig utsprengd det meste av strekninga. Bru over Lauplandsvågen er under bygging. Ved Arsvågen ferjeleie er sprenging og masseflytting for oppstillingsplass og tilstøytande vegar godt i gang.

Pr. 1. september 1990 er det brukt 190,97 mill. kroner på heile anlegget.

Vegvesenet tar sikte på åpning av heile anlegget innkludert ferjeleie i slutten av juni 1991. kaihuset skal ha byggstart i januar 1991, og skal vera ferdig 31.mai 1991. asfaltering frå Industrivegen til Lauplandsvågen vil foregå midt i januar. Lauplandsvågen bru skal vera ferdig til jul. Boknasundet bru er berekna ferdig ved årskiftet 90/91.

Totalt sett er det nå 65 personar involvert i prosjektet utanom konsulentar og vegkontor. Utanom vegvesenet sine folk med innleigde maskinar er det firmaene Aker Entreprenør (Boknasundet bru) som har 20 mann i arbeid, W. Engelsens (ferjeleie) har 11 mann. Vidare har Haaland og Thuestad (Lauplandsvågen bru) 8 mann på byggeplassen.

Gratulerer!

Send bilde og tekst til post@bygdabladet.no eller MMS til 98 22 15 08



Den flotte gutten vår, **Joachim Ognøy Paulsen**, blei 11 år 12. november.

Stor klem fra Truls, Markus, Trond og mamma.



Vil gjerne gratulera mi flinke, tøffe, smarte og flotte lillesøster, **Janne Elin Vatnaland**, med 19 års dagen den 15. november :)

Stor knip fra Hanne Marte



Eskil Bokneberg, 6 år 15. november

Gratulera så masse med 6 årsdagen, Eskil!

Stor klem frå Celina, Julie og mamma



Marianne Sunde

Me vil gratulera Marianne med 15 års dagen 25. november.

Klem fra mamma, pappa og Marius



Liv Vatnaland, 70 år

Gratulera så masse med 70 års dagen din den 16. desember!

Du e verdens beste kone, farmor og mormor!!!
Håpe du får ein fantastiske bursdag ! Me e kjempe gla i deg !!

Store Klemmar frå Leif,Sylvia og Ane <3 :-)

Omsetning av eigedomar i Bokn kommune

Andel av Øyren 26 (Gnr 4, bnr 27) er overdradd for kr 206.567 fra Janne E Ytreland til Jostein Hesthammer
(13.10.2010)

Leirgrovvegen 30 (Gnr 9, bnr 108, seksjon 2) er solgt for kr 1.500.000 fra Ingleif Kro og Linn Cathrine Kro til Gunn Lilleland og Jan Lilleland
(13.10.2010)

Andel av Gnr 9, bnr 11 er overdradd fra Torunn Irene Djønne til Odd Magne Djønne
(14.10.2010)

Hognaland Hytteområde 9 (Gnr 17, bnr 15) er solgt for kr 2.750.000 fra Tor Arvid Hognaland til Asbjørn Vigane, Kåre Emil Vigane, Kirsten Asbjørg Vigane og Kathrine Davik Vigane
(14.10.2010)

Salget omfatter også andel av Hognaland Hytteområde 5 (Gnr 17, bnr 29)

Gnr 9, bnr 14, seksjon 13 er solgt for kr 975.000 fra Bygg og Kaianlegg as til Skogland Holding as
(21.10.2010)

Gnr 9, bnr 14, seksjon 15 er solgt for kr 1.250.000 fra Bygg og Kaianlegg as til Arild Jone Jonassen
(21.10.2010)

Gnr 9, bnr 14, seksjon 11 er solgt for kr 990.000 fra Bygg og Kaianlegg as til Stol Paul as
(21.10.2010)

Hognalandsvegen 49 (Gnr 17, bnr 25) er solgt for kr 780.000 fra Ragnhild Laupland til Tor Inge Dale og Tone Helen Dale
(25.10.2010)

Gnr 9, bnr 14, seksjon 1 er solgt for kr 900.000 fra Bygg og Kaianlegg as til Odd Øyvind Hognaland
(22.10.2010)

Kjelde: Statens kartverk

TÅKÅ

Det e tåkå så klompe seg, regne sile ner
Eg blir blaute i håret, men forbanne ikkje ver
Det vil alltid letta og sikten vil bli klar
Burde vera lika lett å finna livets svar

Tåkå e tette nok te å skjera i med kniv
Ute i båt kan det faktisk stå om liv
Likavel vil eg finna ein egen fine ro
Når eg går i fred og drømme om oss to

Tåkå kan legga seg øve sinn og kropp
Håvet blir ei sky med egen bomullstopp
Du trenge ikke tenka og når solå får godt tak
Vil verden letta og livet nytes i ro og mak

Kjetil Hamre

© kjetil hamre

Foto: Unni W W Høivik

Operasjon Dagsverk 2010

Anne L. Faye

I mange år har ungdomsskule-elevane samla inn pengar til eit prosjekt som OD-komiteen sentralt har valt. I år valte dei eit anna alternativ: Etter at 10. klasse la fram eit ønske om å støtte dagheimen som dei besøkte på klasseturen til Montenegro tidleg i haust, gjekk elevrådet inn for å gjere nettopp det dette skuleåret.

Elevane brukte ein dag av utdanninga si til å arbeide for å tene pengar til dette prosjektet. Nokre selde vaflar, andre jobba i kommunen eller heime. Alle gjorde ein fantastisk innsats, og elevane fekk inn heile **11.650,-** (**323,60 i snitt pr elev!**)



BOKNATUN PÅ OD-DAGEN: Renate Eide og Bettina Strand Vik (bak) skrapar lim på golvet.

Foto: Arne Hosaas

Sunbeam, dagsenter for utviklingshemma i Montenegro

I haust, då 10. klasse reiste til Montenegro på skuletur, var me så heldige å få komme på besøk på eit dagsenter for utviklingshemma barn og vaksne. Der treffe me ei fantastisk dame, Ljiljana Krstic, som hadde bygd opp dagsenteret frå botn av. Ho fortalte at i Montenegro var det ei skam å ha eit utviklingshemma barn, så dei blei gøymde bort og hadde ingen dagtilbod. Barna fekk ikkje gå på skule, og foreldra deira hadde ingen plass å gjere av barna når dei skulle på jobb.

Ljiljana hadde sjølv ei utviklingshemma dotter, og for 10 år sidan bestemte ho seg for å starte eit dagsenter. Dette fekk ho ingen støtte for, og alt blei frivillig arbeid. Midlane dei driv senteret med, får dei gjennom å selje produkt dei lagar på dagsenteret, og generelt går dagsenteret greitt.

Det dei treng no er ein bil, for det å komme seg til dagsenteret med rullestol er ikkje lett. Ljiljana må få politiet til å kjøre henne og dottera, og det må ho betale 30 euro for kvar dag. Andre kjem seg ikkje bort i det hele tatt.

Det var ei sterk oppleving å vere der, og saman bestemte me oss for at me



10. klasse rundt Ljiljana Krstic og dottera hennar i Montenegro.

Foto: Linn Kari Lie

ville prøve å hjelpe dei så best me kan. Andre skular har og vore på besøk der, og me prøvar å lage eit samarbeid der me kan gå fleire skular i lag for å samle inn pengar så dei kan få kjøpt seg ein bil. Dei treng rundt 80 000kr, og over tid kan me nok få dette til.

Driftsmidlar til dagsenteret får Ljiljana gjennom å selje produkt dei lagar på senteret.

Foto: Linn Kari Lie



Orientering om planer

Hans Faye

Kommuneplanarbeidet

Arbeidet med revisjon av kommuneplanen for Bokn har pågått siden høsten 2008. Kommunestyret godkjente planprogrammet som skal legges til grunn for revisjonen sommeren 2009.

Det har vært lagt stor vekt på medvirkning for å oppnå godt politisk og administrativt "eierskap" til planen. Høringsfristen for å komme med innspill til planen er nå utløpt og det er innkommet ca. 35 private innspill om nye arealdisponeringer til boliger, hytter og naust i tillegg til merknader fra offentlige etater.

Siden de fleste forslagene til tiltak ligger innenfor 100m-beltet til sjø er strandsoneproblematikken et vesentlig tema i planen sin arealdel.

Kommunen er pålagt av statlige myndigheter å analysere hele strandsonen i Bokn for å registrere alle interesser og verdier som kan ha betydning for omdisponering av arealer.

Dette har vært en omstendelig prosess

med mange involverte parter.

Forslag til arealplan vil bli lagt fram for formannskapet i januar 2011 og forslag til samlet planrevisjon (samfunnsdel og arealdel) vil bli lagt fram til politisk behandling i løpet av april 2011.

Reguleringsplan for boligfelt ved Fyrvegen

Arbeidet med boligfeltet ved Fyrvegen har pågått siden våren 2010. Problemet har vært å komme fram til enighet med Statens vegvesen om vegutløsning for området.

Dette er nå løst og det er sendt formelt varsel om oppstart av planarbeidet til naboer og berørte parter.

Boligfeltet vil få atkomst via Fyrvegen og Driftavegen til Alvestadkroken og videre til Føresvikvegen.

Feltet vil sannsynligvis planlegges for ca. 20 boenheter i form av eneboliger og mindre leiligheter.

Planforslaget blir antagelig lagt ut til offentlig ettersyn i midten av februar 2011, og hvis det ikke dukker opp uforutsette problemer, kan planen

godkjennes av kommunestyret i løpet av juni 2011.

Foreløpig er det ikke avklart om feltet skal bygges ut kommunalt eller i privat regi.

Kommunen vil informere om dette når tomtene er klare for sal.

Cowi A/S i Haugesund er rådgiver for kommunen.

Reguleringsplan for Føresvikvegen

Arbeidet med reguleringsplanen for Føresvikvegen har også pågått siden våren 2010. Veggen skal reguleres til to-felts veg med gang/sykkelveg/fortau fra Føresvik til E39.

Av ulike årsaker er planprosessen blitt forsinket. Blant annet har en måttet ventet på resultat fra arkeologiske undersøkelser langs traseen. Dette arbeidet er nå utført

Planforslag vil foreligge i midten av februar 2011 og blir da lagt ut til offentlig ettersyn. Muligens kan planen godkjennes av kommunestyret i løpet av juni 2011.

Cowi A/S i Haugesund er rådgiver for kommunen.



Juletesal 2010



Som tidlegare år får Bokn Røde Kors fine tre frå Liv og Osmund Lund frå Sjernarøy.

Det vil bli lagt ut liste på butikken for førehandstinging. Førehandstinga tre kan bli leverte på døra, men det er fint om du tek ut treet dei dagane vi står på kaien.

Vi vil i tillegg selge tre i Føresvik laurdagane 11. og 18. desember. kl 09.00-16.00 - **Pris: 350 kr**

Det vil i tillegg bli lagt ut liste under julegranteninga som ein kan skriva seg på.

Ein kan og tinga tre via tlf. eller epost :

Kjell Frode 90 78 37 97
kjellfrode75@hotmail.com

Julekonsert

Bokn kyrkje måndag 20. des. kl. 19.00

- Damekoret
- Innslag frå kulturskulen
- Anne Tove Øvrebø

(Gospel - Country - Pop)

Bill. Kr. 100,- (gratis for barn under 15 år)

Alle velkomne

Arr. Bokn sokneråd & Bokn musikk- og kulturskule

Bygdebokarbeidet

Bli med og lag bygdebok for Bokn!

I arbeidet med bygdeboka vil også avisartiklar vera ei viktig kjelde. Me er kjent med at ein del boknarar har laga utklyppsbøker med stoff i aviser og blad frå Bokn. Det ville vore flott om du kunne låna desse bøkene til kopiering i samband med arbeidet på bygdeboka.

Ta då kontakt med Jardar Havikbotn (9822 1508) eller Birger Lindanger (9206 9228).

Bygdebokforfattaren

Saknar du denne sykkelen, som har stått i Havna-vegen nokre mnd.?

Ta i tilfelle kontakt med kulturkont. tlf. 98 22 15 08



Behandling med

- Fysikalsk helsemassasje
- KST-teknikker m.m.

52 74 84 41 - 902 49 057

Ingunn Are,
Føresvikvegen 80

Prøv ei
annonse
i Bokn
Bygda-
blad



Har du noko arbeid du skulle ha gjort, vedlikehald, vaktmeister tenester m.m.

Spør oss!

Tlf. 99 51 39 72 - 52 74 81 65

Har du avlagde kler, sko og leiker?

Kunne du tenkje deg å gi dei til eit godt føremål?

Me har innsamling på Kyrkjebygd kulturhus, i Petra/Artep sine lokale, kvar onsdag kl. 16-20.

Du kan levere i berepose eller i bossekk, og alt må vere reint og heilt.

For at det skal kome fram til dei som treng det, ber me om kr. 10,- for ein berepose, og kr. 50,- for ein bossekk.

Vil du gjerne levere noko frå deg, men har ikkje moglegheit ein onsdag? Ring ein av oss, så kan me avtale ei anna tid og dag.

Innsamlinga er i samarbeid med THK-stiftinga på Karmøy - www.thk.no/

**Annette Bokneberg (91 32 82 58) og Elisabet Tarald-
lien (40 41 65 15)**

Gryte og kokeplate

Har nokon ei litt stor/høg, gamal gryte som berre står i egen? Eller kanskje ei gamal lita kokeplate ein gjerne ville vore kvitt? I så fall hadde det vore fint om du kontakta

Brit Opsal (99248618) som treng slikt til lysdyppinga me plar ha i juleverkstaden på skulen.



Me kan ikkje frista med høg betaling, men fine handdyppa lys som takk bør det bli ei råd med.



KROVÅGEN HESTESENTER JULEAVSLUTNING

Søndag 12. desember kl. 12-14 har vi juleavslutning for alle som har vært på kurs og leir her i 2010 med fam.

Gymkhana, oppvisning, nisse, juleboder, kaker og kos – ute og inne.

Påmelding til Kari på tlf. 91120801,
epost kachris@online.no innen 6. desember.

Mvh Kari

Advent er en kristen årstid som markerer forberedelse til juletiden. Navnet kommer fra latin *Adventus (Redemptoris)*, «(Herrens) ankomst». Første søndag i advent er første dag i kirkeåret.

I ortodokse kirker begynner advent 15. november, og varer i 40 dager. I andre kirker begynner den på søndagen som er nærmest festen for St. Andreas (30. november), og varer fram til jul. Fjerde søndag i advent kan da falle på julaften.

Kilde: Wikipedia



COOP MARKED BOKN



Mandag til fredag: 09.00 - 18.00

Lørdag: 09.00 - 16.00

Drivstoff hele døgnet - kortautomat

4.000 kroner i skattelette og bankens beste rente!

BSU er det beste sparetilbudet for deg under 34 år. Med sparing i BSU får du både høy rente og skattefordeler. Spar inntil 20.000 kroner pr. år og få inntill 4.000 kroner i skattelette.

Les mer og start sparingen på www.sr-bank.no/bsu.



"Kjekt på Pepparkake-Bokn"

Vil du / dokke vere med



å lage ein



pepparkakeby på Bokn?

Alt kan lagast!!!

Eige hus, andres hus,

fantasihus, Boknabrua,

traktor, Brannstasjon,

Bokn kyrkje, fleirbrukshall,



naust, fyr...



Bakverket kan leverast inn til servicetorget

frå 15. november, **SISTE FRIST** er 10. desember!

Det blir premiering av beste/mest kreative bakverk

Fagjury består av forvaltningsstyret.

Vinnarar kunnjierast på

Lucia-festen 12. desember.



For meir informasjon, kontakt servicetorget,
sjå på kommunen si nettsida og flygeblad.

Næringsliv

Bokn & Tysvær begravelsesbyrå

John Magne Lie - 909 24 964

Kjell Frode Lie - 907 83 797

Utleige av minigraver 2500 kg

Pris pr. dag kr. 800,- + moms.
Pris pr. veke kr. 4.000,- + moms.
Pris pr. dag kr. 100,- + moms
for leige av vridbar pusseskuffe.

Kontaktpersoner:

John Magne Lie - 909 24 964

Kjell Frode Lie - 907 83 797

Div. tenester på Boknatun, m.m.

BOKN LEGEKONTOR

Kvar tysdag og fredag samt onsdagar i partallsveker. Opningstider 08 – 15.30. Telefontider 08-11 og 13-14. Telefon 52 75 25 40.

Ved behov for øyeblikkeleg hjelp, ring Bokn Legevakt 52 74 85 22 (heile døgnet).

Ved livstruande tilstand, ring 113.

Timebestilling på internett eller SMS, sjå www.bokn.no for meir info.

Lista blir fylt opp, men det er framleis ledig kapasitet!

Dag-Helge Rønnevik - lege

DAGSENTERET

Ope kvar torsdag kl. 10.00 - 14.00
Trenng du skyss, blir du henta på døra.
Nye brukarar blir spesielt ønska velkomne.
Påmelding på tlf. 93 09 39 98

Mariann Skjelde - aktivtør

LANDBRUKSKONTORET

Kvar torsdag kontordag på Boknatun kl. 9.00 – 12.00.

Direktenr. 52 75 25 13

Avtale etter kl. 12.00 må gjerast særskilt.

Kan treffast på rådhuset i Tysvær andre vekedagar, tlf. **52 75 71 75**

Bjørn Bruaset - jordbrukssjef



HÅRSMIÅ



Alle er hjertelig velkommen til ein klipp her på HÅRSMIÅ.

Du får den 5. klippen gratis.

Dette gjelder både barn og voksne, inkludert dei som ønsker å bli klipt hjemme.

Eg har åpent hver dag, klipper gjerne på lørdager om eg er hjemme.

52 74 86 47 - 46 44 29 20

Ønsker alle en riktig god jul!

Med vennlig hilsen
Mona på Hårsmiå

HELSEØSTER

Helsestasjonen er open måndagar, onsdagar og fredager kl. 8-15.30 - Tlf: 52 75 25 43

Du kan ellers kontakta Henriette på mobil 46 93 69 65

Henriette S. Lindanger - helsesøster



NAV BOKN

Kontortid kl. 9.00 – 14.30
Telefontid kl. 8.00 – 15.30

Kundesenteret: tlf. 815 81 000

Unn A. Mustaparta - leiar

JORDMORTENESTA

Jordmor vert å treffa på fysioterapirommet mandag i oddetallsuker.

Du kan kontakta jordmor Bodil på tlf. 40 41 12 61
Timebestilling: Ta kontakt på helsestasjonen!

Bodil Ljones Auestad - jordmor

BOKN FYSIOTERAPI

Onsdag og torsdag og enkelte mandagar. 52 75 25 33 - 91 61 23 91

Ta kontakt for avtale.

Smerter i muskler og ledd? Ta direkte kontakt.

Geir Austvik - fysioterapeut

VENNEKJØRING

Er du pensjonist/uføretrygda og treng skyss til å komma deg frå ein stad til ein annan? - t.d. til lege, ulike tilstelningar, handla på butikken, m.m.

For å avtala tid, ring **94 14 47 35** - helst dagen før eller lengre tid på førehand.

Dei som brukar tenesta betaler til sjåføren.

- **Kr. 3,50 pr. km + kr. 0,50,- pr. km for kvar ekstra passasjer.**
- **Minstepris kr. 100,-**

SERVICETORGET

Tlf.: 52 75 25 00 kvar dag 08.30– 15.00

Me kan t.d. hjelpe deg med:

- generell informasjon om ulike tenester
- kontakt med rett saksbehandlar i kommunen
- utdeling av skjema
- utleige av kommunale lokaler eksl. bustader
- informasjon om utval, møter og dokumenter
- endring av skattekort
- utfylling og innlevering av flytteskjema
- innlevering av selvangivelser og kontakt med likningskontoret
- bustøtte – Husbanken
- økonomisk gjeldsrådgivning
- innsyn i kommunens dokumenter/arkiver
- sal av bygdebøker, boknaspennå, krus, m.m.
- kopiering

Direkte nr.: **52 75 25 10 - 52 75 25 11**

E-post: post@bokn.kommune.no



FRISØRROMMET PÅ BOKNATUN



Mine åpningstider er tirsdag t.o.m. fredag.

Partallsuker: kl. 09-16

Oddetallsuker: fleksible åpningstider

Ønsker alle mine kunder en riktig god jul!

Hilsen fra Anita

99 32 55 34 - 52 74 85 34



Bokn bibliotek

Opningstider:

Mån. 16.00 - 19.00 (Prøveordning 2010)
Tys. 09.00 - 13.30
Ons. 16.00 - 19.00
Tors. 09.00 - 13.30

BOKN FOTTERAPI

Kvar tysdag og fredag kl. 08.30 - 15.00 ved fysioterapirommet.

Enkelte laurdagar etter avtale.

Ver venleg å bruke tilhøyrande inngang.


For timebestilling
tlf. **52 74 83 98/99 70 74 28**

Direkte nr.: 52 75 25 33

Rita Bokneberg - fotterapeut

Ein forsmak på den neste boka til Kjetil Hamre, som kjem sommaren 2011.

Snøbue



En bue med rim og klokke på
Langs stien som jeg liker å gå
Her kommer mange motiver frem
Jeg tar et bilde og tar med meg hjem

Nesten som en utendørskirke
Klokkeklang fra naturens virke
Andaktsfull stemning, fred og ro
Henger igjen selv når jeg dro

Tekst og bilde Kjetil Hamre